



Dato : 23.05.2013
Vår ref. : 13/7733

Saksbeh. : Eldri Siem
Telefon : 61216192
E-post : post@nord-fron.kommune.no

Landbruks- og matdepartementet
postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saks nr. 12 1 1193	Dokument
Mottatt 21 MAI 2013	
Sakssett LP/MM	Arkiv 512.1
KVITE	AVSATT

Nedregate 50
2640 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E - post
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168

Administrativ høringsuttale jf. forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høring forslag til forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord. I samband med jordbruksoppgjøret i 2012 jf. Prop. 122 S (2011-2012) Jordbruksoppgjøret 2012 vart det sett av 100 millionar kroner til tilskot til drenering av jordbruksjord. Av dette har Oppland fylke fått kr. 9,2 millionar og Nord-Fron har førebels fått om lag kr. 324.000.

Målsettinga med tilskot til drenering av jordbruksjord er å auke kvaliteten på jordbruksjord, dette med tanke på auka jordbruksproduksjon og kunne redusere faren for erosjon og avrenning av næringsstoff til vassdrag. Over fleire år har ein sett eit aukande behov for drenering av jordbruksareal i Nord-Fron. Fleire vekstsesongar med mykje nedbør og vanskelege klimatiske forhold er nok med på å forklare behovet. I tillegg ser ein også tilfelle der eksisterande grøftesystem blir øydelagt.

Ein ser det som positivt at tilskot til drenering av jordbruksjord kan vere ein del av SMIL-ordninga.

Ein har følgjande merknader til forslag til Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord:

- Paragraf 3. Vilkår

I tilfeller der det er leigetakar av jordbruksjord som får tilskot til dreneringstiltak, vil det vere naudsynt med skrifteleg løyve frå grunneigar.

Jf. vilkår står det at: *Tilskuddet gis bare til drenering av jordbruksareal som tidligere har vært grøftet.* Jordbruksareal som tidlegare har vore rekna som sjølvdrenerande kan nå, med bakgrunn i dei seinare års nedbørsrike vekstsesongar, endra klimatiske forhold og tyngre maskiner, ha behov for grøfting, profilering og liknande. Ein meiner derfor at alt areal nytta til jordbruksjord, og som er dårleg drenert, bør kunne få tilskot til drenering.

I nemnte § 3 blir det stilt krav om ein grøfteplan. Her bør ein heller nytte omgrepet dreneringsplan.



- Paragraf 4. Utrekning av tilskot

I nemnte paragraf står det følgjande: *Tilskudd til drenering av jordbruksjord, avgrenset til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjør 1000 kroner per dekar. Ved annen grøfting kan det gis 10 kroner per løpemeter grøft begrenset oppad til 1000 kroner per dekar. Beregnet tilskudd under 5000 kroner per søknad utbetales ikke.*

I jordbruksoppgjeret i 2012 vart det brot mellom Staten og faglaga. Følgjeleg vart det Staten sitt tilbod som vart ståande og vedteke av Stortinget. Jf. høyringsbrev dagsett 19.04.2013 står det at grøftetilskotet er bestemt av Stortinget.

Ein ser det som viktig å stimulere til at jordbruksjord blir drenert. Som i ein del andre kommunar er det også i Nord-Fron ein del leigejord. Dersom målsettinga er at grunneigar og i alle tilfelle leigetakar av jordbruksjord skal sjå det føremålstenleg å drenere jordbruksjord, bør satsane både til systematisk grøfting og til t.d. enkeltgrøfter/ avskjeringsgrøfter aukast betydeleg. Til samanlikning for saker behandla etter forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), er det her i kommunen vanlegvis nytta ein tilskotssats på 35 % av godkjent kostnadsoverslag.

I Nord-Fron kommune er det lite behov for systematisk grøfting, slik at det i all hovudsak er behov for enkeltgrøfter, opne avskjeringsgrøfter og liknande. Reparasjon av gamle grøftesystem og supplering med nye ser ein som svært viktig. Det kan vere aktuelt å nytte «berørt areal» dvs. areal som har nytte av/effekt av dreneringstiltaket som grunnlag for tilskot i staden for tal meter med grøft. Ein er merksam på dei forvaltningsmessige svakheitene dette vil kunne medføre.

Ein vil foreslå at utrekna tilskot under 1000 kroner pr. søknad ikkje blir utbetalt. Sjølv om dette vil kunne gje større administrative kostnader vil ein del mindre dreneringstiltak vera viktig å få gjennomført.

Til slutt ønskjer ein å gje innspel på at dreneringstiltak som grøfter og kanalar bør kartfestast (dvs. at grøftene blir gått opp med GPS før dei blir lukka), dette med tanke på seinare generasjonar/nye eigarar av landbrukseigedomen.

Ein har elles ikkje ytterlegare merknader, og paragrafane 8 til 12 er i all hovudsak harmonisering til andre gjeldande forskrifter med omsyn til tilskotsordningar.

Med helsing

Egil Tofte
Virksomhetsleiar
Areal og næring

Eldri Siem
Jordbrukssjef

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.